

DIGITAL DISKRIMINERING
av nynorskelevane kan ikkje få
halde fram som i dag. **S. 2**

– IKKJE VENT MED SIDEMÅLET,
seier norsklærer Magritt Jarlsdotter
Grimstad **S. 4**

BILETA I BILETBØKER opnar for
gode samtalar med borna. **S. 6**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 30 | SOMMAREN 2018 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Digital diskriminering

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

ALLE SKULELEVAR I NOREG har rett til å få læremiddel på eige språk. Det får dei ikkje. Mange nynorskelevar erfarer at den gamle kampsaka «lærebøker på begge målformer til same tid og til same pris» framleis er sørgjeleg aktuell.

No er stoda verre enn nokon gong. På alle klassetrinn – frå første til trettande – blir stadig fleire av dei tradisjonelle trykte lærebøkene bytte ut med digitale løysingar av ymse slag. Og her ser det lovfesta kravet om parallellutgåver ut til å vere ignorert i endå større grad. Produsentane av digitale læremiddel gjer som dei vil. I praksis betyr det for dei fleste at dei ikkje tilbyr nynorsk i det heile.

Noregs Mållag har nyleg publisert ein rapport som dokumenterer denne diskrimineringa. Her blir m.a. digitale læringsressursar ved fire

nynorskskular kartlagde. Av 104 ulike appar, nettsider og andre læringsressursar er berre 15 tilgjengelege i nynorskversjonar.

Kven har ansvaret og kva kan gjerast? Skuleeigarane, dvs. kommunane, har ansvaret for at elevane får læremiddel på rett målform. Altfor mange av nynorsk kommunane er ikkje medvitne om dette ansvaret. Det er også dokumentert i mållagsrapporten.

Kva med sentrale styresmakter? Departement og direktorat stadfestar tolkinga av opplæringslova. Parallellkravet gjeld også digitale læremiddel. Elles er det lite drahjelp å få frå den kanten. Dei peikar på at dette er skuleeigaren sitt ansvar.

Nynorsksenteret? Oppdraget vårt er å produsere gratis materiell og å drive formidlings- og

kursverksemd for lærarar og lærarutdannarar. Vi veit at mange set pris på det vi tilbyr, men dette kan aldri bli meir enn tilleggssressursar.

For å sikre nynorskelevane sin sjølvsgde rett til å få same vilkår for språkopplæringa som bokmåselevane, må det sterkare lut til. Det betyr tydelege politiske vedtak på nasjonalt nivå og ikkje minst vilje frå departement og direktorat til å handheve gjeldande lover og forskrifter på dette området. Mållagsleiar Magne Aasbrenn formulerer det slik: «Stat og skuleeigar må sikra at opplæringslova er klokkeklar og at ho blir følgd. I tillegg må det koma ei stønadsordning som gjer at læremiddel på nynorsk blir utvikla.»

Tiltredes! som det heiter på sidemålet.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 30, 12. årgangen

BLADSTYRAR: Heidi Fagna

FORMGJEING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Rune Markhus

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Bruk av nynorske teikneseriar kan vera ein motiverande og spanande innfallsvinkel til norskundervisninga.

Bobler frå djupet

TEKST: **Ida Karin Aarflot Kornberg** TEIKNING: **Johanne Eikå Bergill**

www.nynorsksenteret.no/teikneseriar



TEIKNESERIAR nyttar fleire ulike modalitetar for å kommunisera med lesaren, og læreplanen i norsk legg opp til at elevane skal læra å lesa, tolka, vurdera og laga samansette tekstar.

Vi på Nynorsksenteret har utvikla ein eigen vevstad for arbeid med teikneseriar i skulen med mellom anna ressursar for nynorskopplæring, døme på nynorske teikneseriar, fagartiklar og oppgåver.

Bobler frå djupet er det nyaste bidraget vårt. Det er ein gratis antologi med nynorske teikneseriar, der vi ønskjer å visa noko av mangfaldet av nynorske teikneseriar. Antologien inneheld seriane «Cordelia» (sjå biletet) av Johanne Eikå

Bergill, «Bjartmann» av Øystein Runde, «Kongen i havet» av Katarina Aasgaard Strømsvåg, «Jojo» av Ida Neverdahl, «Dunce» av Jens K. Styve og «Freden» av Jey Levang.

Vi viser korleis ein konkret kan arbeida med stripene i antologien, og vi har utvikla tre sett med tilhøyrande oppgåver som legg vekt på arbeid med samansette tekstar og skrivning. Teikneserieheftet og oppgåvene er primært tiltenkte elevar på 7. trinn, ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

Antologien kan bestillast som klassesett og er, saman med dei tilhøyrande oppgåvene, tilgjengeleg digitalt. ■

Innhold

Digital diskriminering av Torgeir Dimmen	S. 2
Bobler frå djupet av Ida Karin Aarflot Kornberg	S. 3
– Ikkje vent med sidemålet av Rune Rustestuen Aarhus	S. 4
Biletboka med dei yngste av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 6
Arbeid med språklege ferdigheiter – i, på og om nynorsk av Marit Wadsten	S. 8
Forteljing gjennom bilete av Ida Karin Aarflot Kornberg	S. 10
På veg inn i framtida junior.no av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 12
– Dikt må vere ypparleg for snapchatgenerasjonen av Heidi Fagna	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

– Det dummaste ein norsklærer kan gjere, er å vente med sidemålet til 9. klasse. Det seier Magritt Jarlsdotter Grimstad ved Kolvikbakken ungdomsskole i Ålesund.

– Ikkje vent med sidemålet

TEKST: **Rune Rustestuen Aarhus** FOTO: **Rune Rustestuen Aarhus**



KOLVIKBAKKEN UNGDOMSSKOLE har hatt fleire samarbeidsprosjekt med Nynorsksenteret for å auke nynorskkompetansen til elevane, og resultatet har vore svært positivt. Lærarar med fleire års erfaring ser ei nivåheving og ei haldningsendring til nynorsk.

Enkel, men tydeleg plan

Då norsklærarane på skulen skulle lage sin interne plan for norskfaget, reiste dei på hyttetur. Tre grupper skulle lage planar for nynorsk, bokmål og munnleg norsk.

– Når det gjeld nynorskplanen, kom vi fram til tre punkt som vi la til grunn: Vi skal ha nynorsk lærebok i eit anna fag enn norsk, vi skal ha nynorsklekse kvar dag, og vi skal få til eit besøk på Ivar Aasen-tunet, forklarar Grimstad. Kvar einskild lærar kan leggje opp undervisninga på sin måte, men med dei same kompetansemåla som grunnlag.

– Det å ha ein plan som alle lærarane har blitt samde om, forpliktar oss til å følgje han. Planen fungerer som ei kvalitetssikring og som eit hjelpemiddel for nye lærarar.

– Men den viktigaste erfaringa eg har gjort når det gjeld sidemål, er at ein må starte tidleg.

Minst motivert

– I løpet av ti års skulegang er det eitt år der eg opplever at elevane har mindre motivasjon, nemleg 9. klasse. Når elevane startar på ungdomsskulen, er dei nysgjerrige og lærevillige. Dei skal ha nye fag, møte nye elevar og lærarar, og få karakterar for første gong. Mange lærarar tenkjer at det er så mykje nytt for elevane, og at det derfor er lurt å vente med sidemålet. Ikkje gjer det! Eg meiner at det er heilt naturleg at vi i norskfaget introduserer alle faga som skal karaktersetjast, med ein gong, seier Grimstad.

Badar i nynorsk

Skulen har hatt nynorsk lærebok i KRLE eller i samfunnsfag i ti år.

– Når alle 400 elevane har det, vert det ingen spørsmål rundt det. Fleire var skeptiske då vi starta med det, men det viser seg at elevane jamt over er like gode, eller betre, i fagstoffet.

Grimstad peikar på fleire positive effektar av dette, mellom anna at terskelen for å spørje om kva eit ord betyr, vert lågare.

– Ofte spør dei om ord eller uttrykk som dei trur er frå nynorsk, som til dømes metaforen «å gå til grunne». Fordi fleire trudde dette var eit ukjent nynorsk uttrykk, fekk vi ein diskusjon rundt det.

– Etter mi meining er det dette som skal til, ein må bade i språket for å bli god. Det handlar om å møte nynorsken dagleg, seier Grimstad, som legg til at ho ikkje er heilt nøgd med omsetjingane frå forlaga.

– Eg skulle gjerne sett eit meir modernisert nynorsk språk i nokre av lærebøkene.

Lette lekser

Mange har med seg ei oppfatning heimanfrå om at nynorsk er vanskeleg. Grimstad meiner det er viktig at elevane får erfare at dette ikkje er tilfelle.

– Nynorskleksene vi startar med i 8. klasse, er ikkje så omfattande, det er nok med små drypp kvar veke. Spørjeorda er det naturleg å starte med. Eller enkel verb-bøying. Det viktigaste er at det ikkje skal vere for vanskeleg i starten. Seinare kan dei få i oppgåve å finne ut noko om kjende personar, gjerne forfattarar, som er nynorskbrukarar.

Grimstad fortel at når elevane skriv på skulen, jobbar dei som regel med ein læringspartnar.

– Ofte startar vi med fem minutt tanke-skriving, før dei les høgt til ein klassekamerat.

– Det viktigaste er at det ikkje skal vere for vanskeleg i starten.

Så gir dei respons til kvarandre, gjerne ut frå eit spørsmål eg har gitt. Når ein tekst er ferdig, ser vi på språket. Då samanliknar elevane korleis dei har skrive ulike ord, og gir poeng for alle orda som er rette, ikkje trekk for dei som er feil.

– Ein metode eg har brukt, er at elevane skriv inn teksten på PC-en med retteprogram på bokmål og endrar til nynorsk når teksten er ferdig. Dette er ein fin måte å synleggjere skilnaden på dei to målformene.

Haldningsendring

Camilla Rønstad og Oda Åsen Kjerstad går siste året på Kolvikbakken ungdomsskole. Begge to har bytt til nynorsk som skriftspråk i løpet av dei tre åra på skulen.

– For meg var nynorsk ar-endingar og «eg» då eg starta i 8. klasse. No skriv eg nynorsk i alle samanhengar fordi eg synest det er meir naturleg, og eg opplever språket som meir levande. Eg trur mykje av grunnen er at eg har hatt nynorske lærebøker i fag som eg likar. Slik vert språket knytt opp mot noko positivt, seier Rønstad.

– Eg vert meir fokusert når eg les fagstoff på nynorsk. Når eg må konsentrere meg om visse ord som eg er usikker på, får eg samtidig med meg meir av innhaldet, seier Kjerstad.

– Eg opplever at haldningane til nynorsk har endra seg mykje på dei 17 åra eg har jobba her. Det viser kor viktig det er å starte tidleg med sidemålet, og ikkje minst det å ha ein plan som alle lærarane er samde om, avsluttar Grimstad. ■

Korleis kan du bruke bileta i biletbøker til meiningsskaping i lag med borna?

Biletboka med dei yngste

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** BILETE: **Trude Tjensvold** (frå boka *Bo flyttar ut*)



Midt ute i dammen ligg reiret til andungen.

— Her var det vått, seier Bo.

— Vått er godt, svarer andungen. — Lyst og luftig.

Vil du ha det tørt og mørkt, får du spørje moldvarpen om husly.

«DET ER ANDA», seier Marius og peikar på biletet av Henrik And. Biletboka fortel historia om Henrik And som prøver ut det å vere nokon andre enn seg sjølv. Situasjonen der Marius les i boka i lag med ein vaksen i barnehagen, viser nettopp ein av kvalitetane ved biletboka, at biletboka fortel ei forteljing der tekst og bilete heng nøye saman, og bileta bidreg til borna si forståing av historia og meininga med teksten. I boka om Henrik And er det nettopp slik, teksten fortel det vi ser på biletet.

I biletbøker for dei yngste borna er det oftast ein slik samanheng, bileta heng nøye saman med teksten og bidreg til å illustrere forteljinga og å skape meining for lesaren. Ein kan seie at tekst og bilete er forankra. Historia er gjerne kort og enkel og har eit persongalleri som det er lett å fylgje. Bileta er enkle og synleggjer den konkrete handlinga som vert skildra i verbalteksten.

Andre biletbøker er lengre og har meir kompleks historie og meir tekst. Her kan vi møte fleire karakterar og eit meir samansett språk både i tekst og illustrasjonar. I slike biletbøker kan vi prate om at tekst og bilete avløyser eller utfyller kvarandre. Tekst og bilete har ansvar for å formidle ulike typar informasjon. Desse bøkene kan bidra til nye oppdagingar og opplevingar kvar gong ein les boka!

Bo møter andre historier

I boka *Bo flyttar ut* møter vi rollefiguren Bo, ein katt, som hadde det heilt fint heime inntil hunden Viktor flytta inn og tok plassen hans i senga til matmor. Då er det berre éin ting å gjere, nemleg å sjå om det finst husrom ein annan plass. Men det skal vise seg å bli vanskeleg. Gjennom møte med farar ute i verda blir Bo klar over kor fint han eigentleg har det heime saman med hunden. Han ser at det finaste er å bu heime i lag med



Etter kvart som borna får kjennskap til andre eventyr og forteljingar, opnar bileta for nye samtalar og historier.

mor og hunden. På vegen møter han mange nye karakterar både i teksten og i illustrasjonane. I mange av oppslaga ser vi teikningar og karakterar som refererer til andre forteljingar og eventyr, slik som t.d. Donald Duck, Den vesle moldvarpen og Den stygge andungen. Dette er karakterar frå forteljingar som kan vere ukjende for små lesarar, men dei er gjerne kjende for ein vaksen lesar. Det er då interessant å sjå korleis borna oppfattar desse illustrasjonane, korleis dei tolkar det dei ser.

Meiningsskaping og kommunikasjon

Barnet tolkar og forstår bileta ut frå si erfaring. Etter kvart som borna får kjennskap til desse og andre eventyr og forteljingar, opnar bileta for nye samtalar og historier. Bileta i denne boka formidlar fleire forteljingar enn den som er skildra i verbalteksten. Dette er ei bok som kan lesast mange gongar, og som byr på nye oppdagingar og nye samtalar i lag med borna.

Biletbøker opnar for meningsskaping og kommunikasjon. Når born ser på bilete, forstår dei det dei ser, ut frå si eiga erfaring. Små born oppfattar, tolkar og forstår bilete og kan vurdere korleis bileta samsvarar med den verkelege verda. Dei vel ut bilete eller element som dei ser grunn til å spørje om eller vil diskutere. Dette i lag med teksten er med på å utvide barnet si forståing. Ord og bilete er grunnlag for samtale, kommentarar og spørsmål, og slik prøver borna ut si forståing i lag med den vaksne. ■



Korleis skal ein drive god nynorskundervisning? Det var eit tilbakevendande tema mellom norsklærarane i grunnskulen og vidaregåande skule i Vågan kommune i Lofoten.

Arbeid med språklege ferdigheiter – i, på og om nynorsk

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Hege Schultz Eilertsen**

– **MED SPØRSMÅLET OM GOD UNDERVISNING** i nynorsk som bakteppe kom ideen om å få til ei felles kompetanseheving for lærarane, seier initiativtakar Hege Schultz Eilertsen.

Ho tok derfor kontakt med Nynorsksenteret. Nynorsksenteret på si side jobba med å lage kurspakker til skular og barnehagar, og vi var interesserte i å få prøve ut eit opplegg for kompetanseutvikling for lærarar som jobbar med nynorsk som sidemål. Her fekk vi det, og vi får testa det både i grunnskulen og vidaregåande skule samtidig. I januar 2018 starta vi eit pilotprosjekt som skal gå over fleire semester i Svolvær i Vågan kommune.

Forskning viser at det er å arbeide med det same temaet over tid som gir best resultat. Vi har derfor laga eit opplegg for kompetanseutvikling der vi har to fagsamlingar i semesteret med forelesingar og inspirasjon, utprøvingar mellom samlingane og erfaringsdeling og evaluering av mellomarbeidet på den neste samlinga. Lærarar både frå mellomtrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande er med. 15–20 lærarar deltek på kvar samling.

På denne måten får vi på Nynorsksenteret hauste erfaringar frå klasserommet og kan få tilbakemeldingar på kursopplegget vårt, samtidig

som lærarane som deltek, kan få moglegheit til å drøfte både idear og planar for undervisningsopplegg dei ønskjer å prøve ut, før gjennomføring. Vi reflekterer saman over erfaringar i etterkant av gjennomføringane.

Slike utprøvingar som dette fungerer best når dei er integrerte i den ordinære undervisninga. Vi arbeider med grunnleggande ferdigheiter: god lese- og skriveopplæring på, i og om nynorsk. Tema på samlingane er nynorskdidaktikk, t.d. nynorsk som sidemål, nyare nynorsk litteratur for ungdom, nynorsk som brukspråk, kreativ skrivning, å lese og skrive nynorsk i andre fag enn norsk, aktuelle nynorske fagkjelder og nettstadar, lesing av fleire kjelder om eitt og same tema (multiple tekstar), vurdering, retting og rettleiingsstrategiar, samskriving og elevsamarbeid og å arbeide med nynorske teikneseriar.

Språkbiografi

Det første mellomarbeidet har gått ut på å be elevane om å skrive språkbiografien sin. Dette slo godt an frå 7. klasse til VG3. Dei fleste elevane har skrive ganske lange tekstar, opp til tre A4-sider skrivne på pc. Dei reflekterer godt rundt både tale- og skriftspråket sitt og korleis det har blitt påverka og har endra seg både av flytting og

av påverknad frå engelsk, kan lærarane fortelje. Elevane reflekterer også over at dialekten deira er i sterk endring, over bruken av enkeltord og korleis dei sjølve endrar språk etter kva samanheng dei er i, kven dei snakkar med eller skriv til. Det handlar også om tilnærminga til «byspråk» og at dette heng saman med kvar i kommunen elevane kjem frå, og dei fortel at dei kan oppleve å ikkje forstå enkelte dialektord som foreldra deira brukar. For dei som har norsk som andrespråk, har dette vore ei svært god oppgåve. Dei har fått stor anerkjenning for den fleirspråklege bakgrunnen sin og opplevde at andre i klassen vart nysgjerrige på både bakgrunnen og kvar dagen deira.

– Dette pilotprosjektet er spennande, og det har vore svært nyttig å prøve ut opplegget med språkbiografi no rett før vi skal til med dialektlære og før eksamen i 3. klasse, seier Hege Schultz Eilertsen, som er seksjonsleiar ved norskseksjonen på Aust-Lofoten vidaregåande i Svolvær. ■

Biblioteket er òg med på nynorsksatsinga. ►



Ord i bilete er ein formidlingsmetode med utgangspunkt i bileta eller illustrasjonane i ei bok. Det visuelle blir innfallsporten til forteljinga i ein prosess der ein avsluttar med å lese boka høgt for borna.

Forteljing gjennom bilete

TEKST: **Ida Karin Aarflot Kornberg** FOTO: **Nes bibliotek**



I lag med borna samtalar ein om eitt og eitt bilete og idémylstrar kring handlinga i forteljinga.

VED Å BETRAKTE det visuelle får borna anledning til å fundere, reflektere og analysere bileta og forteljinga dei formidlar. Denne prosessen opnar for synsing og produktiv dialog, og gjer borna merksame på samansette tekstar.

Bibliotekar Elisabeth Kjensli Johansen arbeider ved Nes bibliotek på Årnes i Akershus, og ho har nytta metoden i 14 år saman med tredjeklassingar frå heile kommunen. Dei har òg halde arrangement for vaksne med stor suksess, og opplegget kan fint tilpassast ynskt målgruppe. Johansen startar med å fortelje borna at dei skal få vere små detektivar og finne ut kva forteljinga handlar om, berre ved å sjå på bileta.


– Eg stiller mange spørsmål og legg vekt på at ingen svar er feil eller dumme. Det er vi som no lagar ei forteljing, fortel ho.

I lag med borna samtalar ein om eitt og eitt bilete og idémylstrar kring handlinga i forteljinga. Ein kan gå vidare inn på kva verkemiddel kunstnaren har tatt i bruk, og korleis desse påverkar tankane våre om innhaldet. Opplegget varierer i tid, avhengig av lengda på boka og mengda detaljar i bileta. Johansen anbefalar å ta i bruk ei bok som borna truleg har lite kjennskap til. Det er òg føremålstenleg at boka ikkje er for lang. Johansen har positive erfaringar med metoden, og ser at borna blir engasjerte og bidreg med fantastiske refleksjonar.

– Elevane sit som fjetra og er veldig stolte når vår historie fell saman med forfattaren si, seier Johansen. ■

Kom i gang med Ord i bilete

- Finn ei bok du ynskjer å formidle. Prøv å finne ei ny bok eller ei bok som borna ikkje kjenner til.
- Spør illustratøren om løyve til å stille ut bileta.
- Lag ei utstilling av bileta i høveleg format.
- Samle borna framfor utstillinga, og gjerne på golvet framfor bileta.
- Fortel borna kva de skal gjere. Inviter borna til å studere bileta nøye.
- Gå gjennom eitt og eitt bilete i lag med borna. Still borna spørsmål, og be dei fortelje kva dei ser. Snakk om verkemiddel i bileta – perspektiv, fargebruk, materiale osv.
- Samanfatt ideane og tankane til borna.
- Ta fram boka. Fortel om forfattaren og illustratøren.
- Avslutt med å lese boka for borna, og samanlikn dykkar tankar og det faktiske innhaldet.



Tips til bøker

Vi har laga eit framlegg til bøker for å hjelpe deg med å kome i gang. Dette er gode bøker å bruke fordi illustrasjonane ber mykje av forteljinga.

Barnehage

- Himmelspringaren av Sissel Horndal
- Henrik And av Anna R. Folkestad
- Dagen opp ned av Martine Grande

1.–4. trinn

- Jakob og Neikob – Naboen av Kari Stai
- Bo flyttar ut av Trude Tjensvold
- Stupe-Stig av Anna R. Folkestad

5.–7. trinn

- Bomulv av Njord Svendsen og Akin Duzakin
- Hundrelappen av Håkon Førød Sønneland og Line Halsnes
- Frida F av Dorte Karrebæk og Otto Dickmeiss

Nettavis som utgangspunkt for skriving.

På veg inn i framtidajunior.no

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**

I HAUST LANSERTE LNK storsatsinga Framtida junior, ei nynorsk avis som både kjem på nett og i papirutgåve, for born i alderen 9–13. Her finn du dagsaktuelle nyhendesaker, kultursaker, bokmeldingar, quizar og mykje meir. Den visuelle utforminga er tiltalende og gjer det enkelt å orientere seg i dei ulike kategoriane. Det er også høve til å sende inn egne bokmeldingar, meiningar eller andre tekstar til avisa.

Å bruke nettaviser i undervisinga går naturleg inn i fleire fag, mellom anna norsk, samfunnsfag og naturfag. Refleksjon rundt digitale, samansette tekstar er eit av kompetansemåla på mellomsteget.

I tillegg er Framtida junior eit utgangspunkt for skriveaktivitetar på nynorsk, både for elevar med nynorsk og bokmål som hovudmål. Det er meningsfullt å lese og skrive om noko som opptek ein. Når *framtidajunior.no* opnar for at elevar sender inn lesarinnlegg, bokmeldingar og andre tekstar, er det fordi det er ekstra inspirerende å skrive til ein reell mottakar.

Nynorsksenteret er i gang med å prøve ut ulike oppgåver knytte til bruk av *framtidajunior.no*, som skal liggje i ein forslagsbase for ulike innfallsvinklar til nettavisa. Denne basen skal innehalde tips til skriving etter modelltekst, skriverammer, kritisk refleksjon og argumentasjon. Nett no er til



Nyhende

Kultur

Visste du at?

Fritid


Meiningar

Framtidajunior > Visste du at?


VISSTE DU AT?



5 ting du ikkje visste om havet



Flyg for å hjelpe fulgleflokkar



Sjå video av illsint lemen

dømes ein av samarbeidsskulane våre på Austlandet i gang med å teste ut eit mogleg opplegg der elevane skriv tekstar på nynorsk om ulike musikarar og artistar, med utgangspunkt i tekstar frå *framtidajunior.no*. Gje oss gjerne tilbakemelding om du testar ut opplegg knytte til Framtida junior.

Framtida junior publiserer stadig nye tekstar, og tekstane som ikkje lenger ligg på framsida, finn du i arkivet. Derfor fungerer nettavisa også

som ein rik tekstbase med nynorske tekstar om alt frå miljøtematikk til korleis menneske i ulike land lever liva sine.

Dagsaktuelle tekstar på nynorsk om emne som elevane interesserer seg for, er ein gåvepakke til skulen. Likevel er kanskje det aller viktigaste med Framtida junior at avisa appellerer til born, og at dei får lyst til å velje denne avisa når dei surfar eller vil lese om noko som opptek dei. ■



NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

NY PODKAST: Lyrikar Ruth Lillegraven meiner at både barn og vaksne treng litteratur for å verte klokare menneske. Dikt kan vere den raskaste vegen til målet.

– Dikt må vere ypparleg for snapchatgenerasjonen

TEKST OG FOTO: **Heidi Fagna**



LILLEGRAVEN DEBUTERTE I 2005 med *Store stygge dikt*, og sidan har ho skrive både romanar, bilet-bøker og meir poesi. Forfattarskapen hennar er variert, men hovudtyngda er lyrikk. Ho fekk Brage-prisen for diktsamlinga *Urd*, og kritikar-korpset er imponert kvar gong ho gir ut noko. *Eg er eg er eg er* er så langt den einaste diktsamlinga Lillegraven har skrive for barn.

– Det var ei kjekk bok å skrive. Eg var nervøs for å skrive dikt for barn, for eg visste ikkje om eg hadde det i meg. Men då eg bestemte meg for å prøve, fekk eg ei oppleving av at dikta nesten trilla ut. Det var ei lystbetont skrivning, fortel Ruth Lillegraven i Nynorsksenteret sin podkast *Bakom boka*.

– Må du gruble meir når du skriv for barn enn for vaksne?

– Eg veit ikkje om det er så utruleg annleis å skrive for barn enn for vaksne. Uansett er det tenking, skrivning og ein dose handverk, seier Lillegraven.


Eg er eg er eg er startar om våren og sluttar om vinteren, og boka tek opp både lette og tyngre tema. Lillegraven prøvde i skrivinga å sjå verda frå synsvinkelen til ein tiåring.

– Men på ein måte tenkjer eg at tiåringen ikkje er så veldig annleis enn 39-åringen. Ein har dei same grunnleggande kjenslene: sinne, glede, tristheit, frustrasjon og misunning. Dei går jo igjen gjennom livet, sjølv om ein kanskje kjenner dei av litt ulike grunnar og på litt ulike måtar.

– Kvifor treng barn poesi?

– Eg meiner først og fremst at dei treng litteratur, for å verte klokare og betre menneske, på same måte som me vaksne treng litteraturen. Lyrikken har det fortrinnet at han er fortetta. Ein kan både lese og ta inn eit dikt utan at det tek så mykje tid. Eg tenkjer at det kler den utolmodige tidsånda, snapchatgenerasjonen. ■


Bakom boka er Nynorsksenteret sin podkastserie med intervju av barnebokforfattarar. Du finn alle her:
www.nynorsk bok.no/bakom-boka/



www.nynorsksenteret.no/teikneseriar

NYNORSKE TEIKNESERAR • SERIESKAPARTRIKS • SKULERESSURSAR OM TEIKNESERAR

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform. På www.nynorsksenteret.no kan du tinga gratis klassesett.